

Uskedalslaga må betala dyrt for leige av lokal

01.03.2010



Det har vore ei skrämmende utvikling med omsyn til kommunale stönader, meiner Thor Inge Døssland. Her spelar skulemusikken i Aktivitetshuset. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er svært stor skilnad mellom kva det kostar for frivillige lag i ulike bygder i Kvinnherad å leige lokale til sine aktivitetar. Laga fra Uskedalen må betala dyrt. Det påpeikar Thor Inge Døssland i eit brev til Uskedalen Utvikling, som han ynskjer skal jobba aktivt med denne saka overfor kommunen.**

Døssland minnar om at skulemusikken siste rekneskapsåret betalte 15.475 kroner i lokalleige, mest forfast øvingstid og seminar. Uskedal Idrettslag betalte 57.000 til Aktivitetshuset. I tillegg har dei store utgifter til andre treningsanlegg. Leigesatsane for Aktivitetshuset vart justert betydeleg opp frå årsskiftet 2008/09. Difor må ein rekna med klart høgare tal neste rekneskapsår.

Døssland kommenterer slik:

"Dette er inntekter som Aktivitetshuset ser seg heilt nøydd til å ha for å få hjula til å gå rundt. Dei treng dei! Men det vert kostbart for laga som ønskjer å brukte midlane dei jobbar hardt for å skaffa, på gode aktivitetar for barna. I andre bygder har frivillige lag tilgang på kommunale øvings- og treningslokale. Dette vert svært urettferdig, og derfor må kommunen inn og jamna dette ut med tilskotsordninga."

Kommunen vil truleg peika på at dei gjev tilskot til lokalleige også i dag. Det kommenterer Døssland med at skulemusikken ved tildeling i fjor fekk 123 kroner.

- Det fortel alt, og ordninga slik den fungerer, er berre eit skalkeskjul, skriv Døssland.  
Men han legg til at det vart argumentert med at laga framleis skulle ha gratis øvings-/treningstid då Aktivitetshuset skulle byggjast.)

Døssland sluttar slik:

"Eg meiner aktivitetane i dei frivillige laga er svært viktig for bygda vår, og andre bygder. Derfor er eg bekymra når vi stadig blir minna om at laga slit med å skaffa tillitsfolk, og dei som tar på seg oppgåver vert sitjande i kort tid slik at det går ut over kontinuiteten. Grunnane til dette er nok samansette, men ei årsak er nok at ein må bruka for stor del av arbeidsaktiviteten på økonomisk arbeid, og ikkje på aktivitetar for borna.

Ein viktig grunn til dette er at tilskota frå kommunen har vorte redusert til eit minimum. At arbeidet vert så lite verdsett av kommunen, verkar sjølv sagt ikkje inspirerande på dei som har teke på seg verv. Det medverkar heller til at mange sluttar etter kort tid.

Eg har vore tillitsvald i ulike lag i bygda (idrettslag, musikklag, ungdomslag og dei siste åra skulemusikk) samanhengandei 30 år, pluss ein kort periode før eg reiste ut på skule. Derfor har eg fulgt utviklinga når det gjeld kommunale stønader på nært hold. Utviklinga har vore skræmande.

Medan eit skulekorps med god aktivitet fekk rundt 25.000 kroner i driftsstønad rundt 1990, får dei no nokre få tusenlappar. Det er grunn til å tru at utviklinga har vore lik for andre lag og."

Døssland reagerer ellers sterkt på at Aktivitetshuset skal ut med 33.754 kroner i eigedomsskatt.

- Kommunen gjer alt for å drepa det frivillige lagslivet. Dei burde honorert det gjennom skikkelege tilskotsordningar i staden for stadig å gje slag i trynet på alle som gjer ein frivillig kulturinnsats for barn og unge, seier Døssland til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen